



# SONGARSTEMNE 2024

## 8.-9. juni i VOLDA



Volda Blandakor vart skipa 1874 og rundar 150 år i 2024. Dette er ein milepåle som vi vil feire med å invitere til songarstemne.

Stemnet vil starte laurdag 8. juni og stemnekontoret vert å finne i Berte Kanuttebygget ved høgskulen, saman med kafe og kiosk. Vi planlegg også stemnefesten og profankonserten i same lokala.

Det vert lagt opp til eit tradisjonelt songarstemne der songen og det sosiale samværet vert høgt prioritert, med gode møteplassar for sosialt fellesskap og høve til å bli kjende med songarar frå andre kor.

Å møtast slik er ein fin måte å knyte nye kontakter, både for koristar og kor.

Laurdag 8. juni:

Offisiell opning, songartog, kyrkjekonsert, singers corner, songarfest med dans til vaksen musikk, songarkafè.

Det er gode muligheiter for shopping. Dersom ein ynskjer å gå tur er det mange sentrumsnære fine turstiar.

Søndag 9. juni:

Muligheit for deltaking i gudsteneste og song ved institusjonar

Profankonsert

Overnatting må kvart kor tinge sjølv. Sjå oversikt over stader og tal plassar.

Ver gjerne ute i god tid.

Frist for påmelding til songarstemnet i 2024 er sett til 1. januar, med bindande påmelding 1. februar.

Påmelding må innehalde namn på koret og kontaktperson, både med epostadresse og telefonnummer, tal deltakarar og informasjon om spesielle behov i høve deltaking på stemnet.

For meir info ta kontakt med leiar på mobilnr 915 71 971 eller epost: [mo.anne@online.no](mailto:mo.anne@online.no)

[Påmeldingsskjema:](#)